

annonse

Nytt magasin ute nå!

GLØTT

Abonnement og laussal

LES MEIR

annonse

Kun 3 leiligheter igjen!

Bo moderne og sentralt i Nesbyen

FYSST

Søk her

annonse

Døgnåpne nattsafer for enkle kontantfinnsaker

Sett inn kontanter på kontoen din med døgnåpne nattsafer

Loomis

Åpne >



Oddrun Ekrene og Per-Egil Kolsrud trur døgnopen butikk blir positivt for Torpo. Foto: Oda Sundgot

No kan dei handle akkurat når dei vil: - Dei som installerte skiltet trudde me hadde skrive feil

+ No kan også torpingane handle når dei vil på nærbutikken. Joker Torpo har blitt sjølvbetent.

Oda Sundgot

oda@hallingdolen.no

Publisert: 21.10.2024 04:10

– Du kan seie det er ei investering i framtida, seier dagleg leiar Oddrun Ekrene, som møter Hallingdølen saman med Per-Egil Kolsrud, styreleiaren i Joker Torpo.

Jokeren på Torpo går, som nærbutikkane i Hovet, Tunhovd og Leveld alt har gjort, over til å bli sjølvbetent. Per i dag kallar dei seg ein delvis sjølvbetent døgnopen butikk.

Artikkelen held fram under annonsen.

ANNONSØRINNHALD

SpareBankstiftelsen HALLINGDØLEN

Møtes for å spille populære spill som Fortnite, Counter-Strike og League of Legends.
Håper flere foreldre får øynene opp for E-Sport tilbudet som finnes på Torpomoen

Fjernstyring

Det betyr at butikken blir betjent tre timar kortare enn før på kvardagar, to timar kortare i helga. Når det ikkje er tilsette i butikken, kan kundane låse seg inn med bankkort på utsida og låse seg ut med strekkode på kvitteringa.

Førre tysdag blei dei nye kassene installert. Sist tysdag, frå klokka 17 var butikken døgnopen og sjølvbetent. Dei går inn i ein ny kvardag på Joker Torpo.

– Det er nokre som treng hjelp med dei nye kassene. Men då seier dei berre ifrå, seier Ekrene.

Sjølv utanfor betjent opningstid er det nokon på jobb. Fjernstyrt blir kanskje eit litt meir nøyaktig ord enn ubetent. Heimafrå kan den som er på jobb opne og låse døra og prate med folk som treng hjelp på telefon.



Lena Loftsgård og Hermine Hefte brukte dei nye, sjølvbetente kassene. Foto: Oda Sundgot

– Joker på Torpo er ein viktig møteplass på Torpo, korleis trur de skiftet til sjølvbetent butikk påverkar butikken som møteplass?

– På dagtid vil det framleis vere folk her. I går fekk me spørsmål om det var lov til å sitte her når det ikkje er folk her. Det var nokre ungdommar som ikkje torde å sitte her når ingen var her. Det er lov å opphalde seg her, så lenge ein oppfører seg ordentleg, seier Ekrene.

1,4 millionar investert

Grunnen til at Joker Torpo går over til sjølvbetening handlar sjølsagt om økonomi. Andre butikkar med sjølvbetening, òg her i dalen, ser ein auke i omsetninga på mellom 10 og 20 prosent.

– Det går rimeleg greitt med butikken, i fjor gjekk me 300.000 kroner i pluss. Det er med ei driftsinntekt på rundt 10 millionar, seier Kolsrud.

Artikkelen held fram under annonsen.

Tømrer –bli en av oss!

Vi søker flere dyktige folk

Søk her

FYSST

– Mange små butikkar som går over til sjølvbetening ser ein positiv effekt med lite svin.

Investeringa er på 1,4 millionar kroner. Halvparten kom frå Kjøpmannshuset, den andre delen frå egne middel.



Joker Torpo blir ein av fleire og fleire sjølvbetente nærbutikkar. Foto: Oda Sundgot

Sjølv om kassene er på plass og dei har begynt å vere døgnopne, har dei ikkje hatt offisiell opning enno. Den kjem fyrste november.

Men skiltet, det er på plass: «Døgnøpe alle dager», står det på utsida no.

– Dei som installerte skiltet trudde me hadde skrive feil, seier dei. – Men det skal vere slik.



Orgelspelaren

Hans Jakob Wastvedt er den nye organisten i Hemsedal kyrkje. Sida juli har han vorte kjend med det gamle orgelet i kyrkja. August Nielsen-orgelet er frå 1886 og kom til Hemsedal i 1913. Wastvedt håpar med tida at det gamle orgelet kan setjast tilbake i sin originale stand.
Foto: Line Sandvik

NYHEITER

ØKONOMIARBEIDSLIVVAREHANDEL

0 kommentarer

Sorter etterEldste

Legg til en kommentar ...

Programtillegg for Facebook-kommentarer